



Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/7494 - 16/2119

Saksbehandlar:

Terese Folgerø

terese.folgero@lindas.kommune.no

Dato:

26.01.2016

Informasjon om kusma

Ein elev ved Leknes barneskule har truleg fått kusma. Kusma er ein betennelse i spyttkjertlar forårsaka av kusmavirus. Oftast er det spyttkjertelen like ved øyret som er angripen, men også andre spyttkjertlar i munn, bukspyttkjertel og testiklar kan vere betente. Etter at kusmavaksine blei innført i barnevaksinasjonsprogrammet (MMR-vaksinen, kusma = mumps) er kusma blitt ein uvanleg sjukdom. Første dose MMR-vaksine blir gitt ved 15 månaders alder. Over 90% av dei som er vaksinert har beskyttelse i mange år, ofte livet ut. Ein ny dose blir gitt i 12-årsalder (6. klasse) for å sikre at dei siste 10 % får beskyttelse, og for å sikre langtidsbeskyttelse (les meir på www.helsenorge.no) I 2015 var det eit utbrot av kusma i studentmiljøet i Trondheim, med mistenkte tilfelle også på Vestlandet.

Symptom

Inkubasjonstida, det vil seie tida frå smitte til symptoma melder seg, er 2-3 veker. Det første symptomet er gjerne lett feber i nokre dagar før ein merkar ømheit i kinnnet og smerter ved tygging, og etter kvart synleg forstørring av øyrespyttkjertelen (på kinnnet ved øyret). Symptoma startar som regel på den eine sida, men etter 1-3 dagar kjem det ofte også på den andre sida. Hevelsen aukar i løpet av nokre dagar, og den kan også spreie seg til spyttkjertlane under tunga og i underkjeven. Kjertelhevelsen kan vare inntil 10 dagar.

Kontakt med lege

Personar som har vore i nær kontakt med kusmasjuka og sjølv utviklar symptom som kan likne på kusma (feber, hevelse i ansiktet, smerter), vert oppmoda om å ta rask kontakt med lege for undersøking og diagnose. Dersom lege også mistenker kusma bør det takast prøvar og den sjuke oppmodast til å halde seg heime inntil prøvesvaret avkreftar diagnosen, eller inntil fem dagar etter symptomstart.

Behandling

Der er ingen effektiv behandling som drep eller nøytraliserer kusmaviruset. Det viktigaste blir derfor å lindre symptoma best mogeleg dersom du har blitt sjuk. Smertestillande middel som paracetamol eller ibuprofen kan vere naudsynt. I perioden med feber bør ein kvile.

Smittefare

Viruset smittar ved nærdråpesmitte eller ved kontakt med spytt frå ein smitta person, og ein er vanlegvis smitteberar ei veke før og ei veke etter hevelse i spyttkjertlane starta. Barn bør vere borte frå skule / barnehage i denne perioden. Barnet kan gå i barnehage/skule 9 dagar etter at den første hevelsen kom.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Tiltak

Elevar ved 5. trinn på Leiknes skule får tilbod om påfyllingsdose av MMR-vaksine.
Informasjon til alle elevar/føresette ved skulen

Med helsing

Randi Træland Hella

Avdelingsleiar
for helsesøster og jordmortenesta

Terese Folgerø

kommuneoverlege

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

